



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Saksbehandler: Jorunn Fosse Fidjestøl
Telefon: 57643156
E-post: fmsfji@fylkesmannen.no

KOPI

Vår dato
15.03.2017
Deres dato

Vår referanse
2016/4514- 423.1
Deres referanse

Blom Fiskeoppdrett AS
Ulvøyvegen 130
5337 RONG

Vedtak i klagesak som gjeld flytting av akvakulturanlegg frå Laksevika til Trollholet, Meland kommune

Fylkesmannen er i brev av 20.12.2016 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet oppnemnt som settefylkesmann for å avgjere klagesaka. Det er klaga innan fristen, og vilkåra for å handsame saka er til stades.

Vedtak

Fylkesmannen tar klagen til følgje, og vi gjer om vedtaket frå Meland kommune dagsett 05.09.2016 i sak 58/2016, slik at det ikkje vert gjeve dispensasjon til flytting av akvakulturanlegg frå Laksevika til Trollholet.

Bakgrunn for saka

Historikk:

Blom Fiskeoppdrett AS driv eksisterande anlegg som ligg i Laksevika. Dette er eit stålanlegg på om lag 30 daa. Meland kommune av slo 5.12.2014 søknad om dispensasjon for å utvide arealet for oppdrett i sjø ved Laksevika, i hovudsak fordi tiltaket var i konflikt med militær forbodssone.

Etter dispensasjonssøknad dagsett 13.04.2015, gav kommunen 03.11.2015 dispensasjon til flytting og utviding av akvakulturanlegg frå Laksevika til Holme. Søknaden gjaldt opphavleg ein konstellasjon med sju plastringar i rammer på 100 x 100 meter på ei lang rekkje, men etter å ha drøfta saka med Kystverket, vart dette endra til seks plastringar på to rekkjer, noko som korta ned lengda på anlegget samanlikna med opphavleg søknad. Det vart stilt fleire vilkår i vedtaket, mellom anna om at det skulle utarbeidast ei konsekvensutgreiing.


Fylkesmannen i Hordaland klaga på vedtaket i brev av 24.11.15, og meinte mellom anna at verknadene av tiltaket ikkje var godt utgreidd og at konsekvensutgreiinga skulle ha vore ein del av grunnlaget for avgjerda. Klagaren meinte også primært at nye område til akvakultur må vurderast i ein kommuneplanprosess, eller i ein reguleringsplan.

Etter vedtaket vart kommunen gjort kjend med at biologisk mangfald på Holme var av slik karakter at lokaliteten burde flyttast. Det vart etter dette søkt på nytt om dispensasjon for lokalisering lengre søraust, nær Trollholet.

Denne søknaden:

Saka gjeld utviding og flytting av oppdrettsanlegg frå Laksevika til eit område ved Trollholet.

Formålet med flyttinga er å kome vekk frå militært forbodsområde. Tiltakshavaren har, etter at saka er motteken her, opplyst om etterfølgjande dom frå Bergen tingrett 13.02.2017, saksnr. 16-076480TVI-BERG. Dommen slår fast at eksisterande akvakulturanlegg i Laksevika ikkje lenger kan oppretthaldast i den militære forbodssona.



Anlegget det er søkt om, vil som vist på illustrasjonen ha seks plastringar som kvar er plassert i ei enkeltramme på 100 x 100 meter. Storleiken på nytt anlegg ved Trollholet vil bli om lag 90 daa i vassoverflata. Samanlikna med eksisterande anlegg på 30 daa, vil det nye anlegget krevje om lag tre gonger så mykje areal. I tillegg til dette kjem flåte med fortøyingsanlegg, ankerliner og anker. Fortøyingane er dimensjonert og lokalisert etter krav i NS 9415:2009¹. Dette medfører blant anna at fortøyingslinene må ha ein bestemt vinkel i forhold til lengde/djupn. Dette medfører lange liner, spesielt i nord og sørlig retning.

Anlegget er utforma med tanke på ei best mogleg plassering i forhold til eksisterande straumbilde på lokaliteten, topografi og areal. Ein ynskjer at straumen skal transporterast gjennom heile anlegget for å optimalisere oksygenforholda, og få bort avfallsstoff frå fisken. Straumen (både vasstransport og retning) på lokaliteten går i ein søraustleg retning.

Den nye anleggskonfigurasjonen vil ifølgje Blom Fiskeoppdrett AS bli eit meir rømmingsikkert anlegg, med betre gjennomstrøyming av vatn i nøtene, og dermed betre oksygenforhold for fisken. Det vert også betre plass til fisken med tilhøyrande auka fiskevelferd. Anlegget vil gje betre fleksibilitet når ein skal avlusa fisken, og meir effektiv handtering av presenningsutstyr ved avlusing. Det vil også medføre betre miljøforhold under anlegget, samanlikna med eksisterande anlegg.

Det aktuelle området er omfatta av Kommuneplanen for Meland kommune 2015-2027, og er i kommuneplanen sett av til *bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner*. Området kan utnyttast i samsvar med dei aktuelle underføremåla til den generelle kategorien, med unntak av akvakultur og småbåthamn, jf. Kommuneplanen sine føresegner pkt. 3.3. Søknaden er såleis ikkje i samsvar med kommuneplanen, og krev dispensasjon.

¹ – Flytende oppdrettsanlegg – Krav til lokalitetsundersøkinge, risikoanalyse, utforming, dimensjonering, utførelse, montering og drift.

Det vart lagt fram ei konsekvensutgreiing frå Akvator for verknaden av flyttinga 04.12.2015. Saka vart sendt på høyring 04.01.2016. Fylkesmannen rådde frå dispensasjon.

Det kom inn 6 fråsegner frå offentlege høyringsinstansar, 8 merknader / fråsegner frå lag og interesseorganisasjonar og 24 merknader frå naboar og andre private grunneigarar. Tiltakshavaren har fått høve til å kommentere desse.

Kommunen gjorde 05.09.2016 i sak 58/2016 følgjande vedtak:

«Utval for drift og utvikling gjev i medhald av Plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 dispensasjon frå arealformålet sjø i kommuneplanen sin arealdel 2015- 2027, for etablering av oppdrettsanlegg ved Trollholet. Dispensasjonen gjeld eit areal for akvakultur på 90 da og med utgangspunkt i dagens biomasse. Det er ein føresetnad at anlegget ved Laksevika utgår og dagens aktivitet vert flytta.

Dispensasjon vert gjeve på bakgrunn av konsekvensutgreiing journalført 04.12.2015 og uttale frå Blom Fiskeoppdrett AS journalført 27.05.2016. For grunngevinga av vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga over.

Merknader frå naboar vert ikkje tekne til følge, men mogelege ulemper knytt til lyd, lys og støy skal reduserast i størst mogeleg grad, jf nemnde uttale journalført 27.05.2016. Innvendingane mot å gje dispensasjon frå Fylkesmannen i Hordaland er kommentert i saksutgreiinga.

Dispensasjonen fell vekk dersom den ikkje er nytta innan 3 år, jf pbl § 21-9.

Oppdrettsanlegget kan ikkje flyttast før det er gjeve løyve etter akvakulturlovverket.»

Fylkesmannen i Hordaland (klagaren) klaga på vedtaket 17.10.2016.

Klagaren meiner det er naudsynt å vurdere denne utvidinga i ein kommuneplanprosess, der verknadene av arealendringane som det er søkte om, vert vurdert samla.

Fylkesmannen meiner at samla miljøkonsekvensar ikkje kan utsetjast til prosessen knytt til særlovshandsaminga, men må vurderast i samband med arealspørsmålet. Klagaren saknar ei samla og tilstrekkeleg utfyllande vurdering av om flytting av akvakulturanlegget kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Klagaren meiner at det er nødvendig å vurdere fjordsystemet under eitt, og ha eit langsiktig perspektiv på eventuelle konsekvensar av ny arealbruk. Dei saknar i tillegg ei grundig vurdering frå kommunen om tiltaket er reguleringspliktig.

Klagaren gjer merksam på at delar av bassenget ber teikn på å vere overbelasta, og at resultat av overvakinga kan innebere at utsleppa frå oppdrettsnæringa må reduserast. Inntil næringa finn tekniske løysingar som kan redusere utsleppa, vil det seie at produksjonen må reduserast.

I tillegg til Fylkesmannen i Hordaland, har Anne K. og Ole H. Johansen, Arild Paulsen, Berit og Arne Takvam, Christine L. Tøgersen og Christer Martinsen, Kolbjørn Lunga, Nina K. og Jørgen B. Mowinckel, Solrun og Tom E. Albrechtsen, Tom Sverre Tomren og Ørjan Kristiansen klaga på vedtaket.

Klagegrunnane som er trekt fram, er i hovudsak at plasseringa vil medføre visuell ureining, og ureining i form av støy, lys og lukt for bebuarar i området ved anlegget. Det vert også vist til at området er mykje nytta til bading og fising, og til at plasseringa ligg i utvandringsruta til den trua Vossolaksen. Det vert vist til at det er hekkeområde for raudlista rovfugl i området, og at anlegget kan komme i konflikt med ærfuglar. Fleire klagarar er uroa for at miljøet i fjorden vert overbelasta.

Kommunen handsama klagene 06.12.2016 og konkluderte med å ikkje ta klagene til følgje.

Fylkesmannen i Hordaland sende klagen vidare til departementet 13.12.2016, for oppnemning av settefylkesmann.

Vi har 24.01.2017 og 22.02.2017 motteke merknader frå Blom Fiskeoppdrett AS. Vi har 27.02.2017, 03.03.2017 og 13.03.2017 motteke merknader frå Ørjan Kristiansen, Anne Kristine Jordal og Ole Harald Johansen, på vegner av bebuarar i Dalemarka. Merknadene er vurderte i lag med dei andre saksdokumenta, desse er ikkje sende til tiltakshavaren, sidan desse ikkje har fått betydning for resultatet i saka.

Regelverk

Vi skal som klageinstans sjå til at kommunen under handsaminga av saka har følgd dei lovene, forskriftene og sakshandsamingsreglane som gjeld på området. Fylkesmannen kan under klagehandsaminga prøve alle sider ved vedtaket, også dei skjønsmessige vurderingane som kommunen har gjort, jf. forvaltningslova § 34. Ved prøving av det kommunale skjønnet skal Fylkesmannen leggje vekt på omsynet til det lokale sjølvstyret.

Kommunal planlegging skal bidra til å samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver og gje grunnlag for bruk og vern av ressursar, jf. plan- og bygningslova § 1-1 andre ledd og § 3-3. Planlegginga skal sikre openheit, føreseielege avgjerder og medverknad for alle råka interesser, og det skal leggjast vekt på berekraftige løysingar.

Det aktuelle området er i kommuneplanen sett av til bruk og vern av sjø og vassdrag, med kombinerte underformål ferdsel, fiske, natur og friluftsliv (FFNF), jf. plan- og bygningslova § 11-7 andre ledd nr. 6 og vedlegg I til kart- og planforskrifta. Ferdselsføremålet skal ivareta omsyn til framkomelegheit og tryggleik for dei som ferdast på sjøen. Fiskeriformålet skal ta vare på omsynet til utøving av fiske, og omsynet til sjølve fisken som lever i området. Naturføremålet og friluftslivsføremåla skal i vareta omsynet til naturen og moglegheiter for folk til å utøve eit aktivt friluftsliv.

Det går fram av plan- og bygningslova § 11-6 at kommuneplanen er bindande for nye eller utviding av eksisterande tiltak.

Tiltak i strid med plan eller føresegner i plan- og bygningslova, kan berre godkjennast dersom det samstundes vert gjeve dispensasjon frå føresegna tiltaket strid mot, jf. plan- og bygningslova kapittel 19. Dispensasjon krev grunngjeven søknad. Etter forvaltningspraksis skal grunngjevinga for å dispensere vere spesiell og gjelde særleg for tiltaket, og kommunen skal ikkje dispensere ut frå meir generelle vurderingar. Vilkår i plan- og bygningslova § 19-2 er rettslege vurderingstema, ikkje eit kommunalt skjønn. Det er derfor ikkje høve til å leggje nemneverdig vekt på omsynet til det lokale sjølvstyret.

Offentlege avgjerder som gjeld naturmangfaldet skal leggje til grunn prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 som retningslinjer for avgjerda. Prinsippa omhandlar kunnskapsgrunnlaget, vurdering av samla belastning på eit økosystem, føre var-prinsippet, kostnader ved miljøforringing og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Fylkesmannen si vurdering

Saka gjeld flytting av akvakulturanlegg, slik at anlegget ved Laksevika vert erstatta av eit nyare anlegg som krev meir areal, og blir flytta til Trollholet. Det er avklart i kommuneplanen sine føresegner pkt. 3.3 at området ved Trollholdet ikkje opnar for akvakulturverksemd, og tiltaket krev såleis dispensasjon.

Vi reknar det som avklart at Utval for drift og utvikling (UDU) i «Reglement for Hovudutvala» er delegert mynde til å avgjere dispensasjonssaker, og kan såleis ikkje sjå at det er grunnlag for eit krav om at kommunestyret sjølv skal avgjere dispensasjonssaker. Elles er det i tråd med forvaltningslova § 33 at underinstansen, som i dette tilfellet er UDU, skal vurdere saka på nytt før ho eventuelt vert send vidare til klageinstansen, som er Fylkesmannen.

Fylkesmannen i Hordaland saknar for det første ei vurdering frå kommunen av om tiltaket medfører krav om reguleringsplan, jf. plan- og bygningslova § 12-1 tredje ledd.

I brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) til Salmon Group dagsett 07.06.2016, uttalar KMD seg generelt om behovet for reguleringsplan ved nye akvakulturanlegg:

«I særskilte tilfelle, der det er behov for en detaljert vurdering eller der tiltaket innebærer betydelige bygge- og anleggstiltak både i sjø og på land, bør også bruk av reguleringsplan vurderes.»

Utgangspunktet er at kommunen skal regulere arealbruken gjennom kommuneplanen for å få ei heilskapleg vurdering av bruken av områda i kommunen. Gjennom ein grundig planprosess skal kommunen sikre at offentlege og private standpunkt kjem fram, slik at planar for arealdisponeringa vert fastlagt på eit best mogleg grunnlag. I planleggingsprosessen må ulike interesser, fordeler og ulemper, vegast opp mot kvarandre, og det må konkluderast etter ei samla vurdering.

Som fråsegna frå KMD indikerer, vil detaljplanlegging vere aktuelt i særskilte tilfelle og etter ei konkret vurdering, medan det i normaltilfella er føresett at den overordna arealbruken skal vere avklara i kommuneplanen. Dette er også det som tradisjonelt er lagt til grunn om forholdet mellom akvakulturanlegg og lovfesta reguleringsplikt for «større bygge- og anleggsarbeid» etter § 12-1 tredje ledd. Når tiltaket derimot, som her, er i strid med overordna plan, vil terskelen for reguleringsplikt vere lågare, jf. plan- og bygningslova § 12-1 andre ledd, jf. § 3-2 siste ledd. Fylkesmannen finn ikkje grunn til å gå nærare inn i denne problemstillinga. Momenta som taler for å sikre forsvarleg planavklaring, vil etter vårt syn på vanleg måte måtte inngå i dispensasjonsvurderinga. Det vil likevel vere eit relevant moment i denne vurderinga at anlegget er eit arealkrevjande anlegg, der arealbruken i utgangspunktet skulle ha vore avklara på overordna nivå.

Dispensasjon kan ifølgje § 19-2 andre ledd berre gjevast dersom omsyna bak føresegnene det vert dispensert frå, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved dispensasjonen vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Det følgjer av lovførearbeida, jf. Ot.prp. nr. 32 (2007-2008) pkt. 6.19 s. 242, at det ikkje skal vere kurant å gje dispensasjon etter § 19-2.

Dommen frå Bergen tingrett 13.02.2017 gjer at tiltakshavaren må flytte anlegget. Dette er noko som er utanfor tiltakshavaren sin kontroll, og er etter Fylkesmannen si oppfatning eit moment som kan tale for dispensasjon for flytting. Denne søknaden gjeld likevel også ei vesentleg utviding av anlegget, slik at arealbruken i vassoverflata vert tre gonger større enn for eksisterande anlegg. Vi må difor gjere ei heilskapsvurdering av om det er grunnlag for dispensasjonen som det er søkt om, nemleg for både flytting og utviding. Søknaden om utviding er grunnigjeven i trong for modernisering og utvikling av anlegget, og har såleis ikkje noko med forsvaret si forbodssone å gjere.

Det nye anlegget vil ifølgje tiltakshavaren bli meir rømmingssikkert, med betre vassgjennomstrøyming, og dermed betre oksygenforhold for fisken. Betre plass til fisken vil ifølgje tiltakshavaren gje auka fiskevelferd. Anlegget vil ifølgje tiltakshavaren gje betre fleksibilitet når ein skal avlusa fisken, og meir effektiv handtering av presenningsutstyr ved avlusing. Dette vil medføre betre miljøforhold under anlegget.

Ut frå samanliknbare saker legg Fylkesmannen elles til grunn at betre plass for fisken vil bidra til betre fiskehelse. Miljørisikoen ved rømming vert også mest sannsynleg redusert, med færre fisk i merdane. Kombinert med same mengd biomasse og utsepp, vil utvidinga, samla sett, mest sannsynleg føre til betre fiskehelse, fiskevelferd og miljøpåverknad. Dette vurderer vi som relevant å leggje vekt på som fordel med tiltaket.

Fylkesmannen i Hordaland viser til at rapportane som er utarbeidde i denne saka ikkje tilfører tilstrekkeleg kunnskap om sumverknader og samla belastning, jf. naturmangfaldlova § 10. Klagaren saknar vurdering av korleis dispensasjonen kan påverke resten av fjordsystemet, og om denne påverknaden er miljømessig forsvarleg, jf. også naturmangfaldlova § 9. Ein risiko som gjeld den samla belastninga for økosystemet, er at avfallet frå plastringsanlegget kan bli spreidd på ein annan måte i fjordsystemet når det kjem ut på djupare vatn. Det ligg ikkje føre noko samla vurdering av oppdrettsanlegg i fjordsystemet og kva samla effekt det kan få dersom anlegga vert utvida.

Konsekvensutgreiinga frå akvator seier følgjande om miljø, fiskehelse og fiskevelferd:

«Den nye lokaliseringa vil medføre auka avstand mellom matfisklokalitetane i Herdlefjorden, noko som bør vera positivt med tanke på smitte spreiding mellom anlegg. Det nye anlegget kan gjerast meir rømmingssikkert enn dagens anlegg, noko som medfører redusert risiko for smittespreiding og innblanding med villfisk. Betre lokalisering og utforming av anlegget med tanke på straumtilhøve, og større areal per fisk vil føra til betra oksygentilhøve, betre transport av avfallsstoff, og betra dyrevelferd.»

Fylkesmannen i Hordaland på si side har gjort merksam på at dei det siste året har sett at miljøgranskingane gjev indikasjonar på at terskelfjordane i Nordhordland kan vere overbelasta:

«Herdlefjorden er del av eit større terskelbasseng i lag med Byfjorden og fjordane rundt Osterøy, der dei grunnaste tersklane er ved Herdla, Follese og Vattlestraumen. I desse djupe fjordbassenga har det vore endringar i oksygenivået, og ei markert forsterking av langtidstrenden vi har sett dei siste 35 åra. Resipientgranskingar i både Sørffjorden og Radffjorden har synt at botndyrfaunaen ikkje lenger når målet om minst god økologisk tilstand. Fylkesmannen og Fiskeridirektoratet har gjeve pålegg om overvaking av Sørffjorden. Resultatet av granskingane denne vinteren vil vere grunnlag for avgjerder om eventuelle naudsynte tiltak for å redusere utsleppa til fjorden..»

Dette kan tilseie at risikoen for negativ påverknad av det samla fjordsystemet er til stades. Sjølv om rømmingsfaren og smitterisikoen vert redusert ved meir plass i anlegget og betre fiskehelse, kan det ikkje utelukkast at meir spreiding i ein fjord som allereie er belasta, kan ha negativ betydning for miljøet.

Fleire lag og organisasjonar har uttalt seg om at plasseringa av anlegget er uheldig, sidan utvandringa av smolt frå fleire laksestammar passerer denne fjorden, og det lever raudlista fuglar her. Dei mange fråsegnene viser at det er fleire typar interesser som gjer seg gjeldande i området, og at eit tiltak såleis bør utgreiast tilstrekkeleg.

Når det gjeld andre råka interesser i området, så har både Kystverket og Fiskeridirektoratet godteke at det vert gitt dispensasjon. Vi må difor kunne gå ut frå at ferdseis- og fiskeriinteressene ikkje er særleg skadelidande av tiltaket.

Bebuarane i området hevdar at friluftslivsinteressene vil verte skadelidande, sidan området er mykje brukt til bading og friluftsliv. Sidan det aktuelle området ligg nedanfor eit område med om lag 70 bustader, og området ifølgje saka tradisjonelt har vore brukt til bading og friluftsliv, er det pårekeleg at eit anlegg her kan råke desse interessene.

Endra utsikt kan ifølgje kommunen opplevast framand /skjemmande for mange, ganske sikkert også som tap. Store deler av busetnaden i Dalemarka ligg fritt med vid utsikt. Kommunen presiserer at i vurderinga av i kor stor grad omsynet til utsiktsendringar skal påvirke saka, må utsiktsendringane balanserast mot omsynet til næringsutvikling, og dei positive verknadene flyttinga vil ha i høve til modernisering og sikring av oppdrettsanlegget.

Konsekvensutgreiinga frå Akvator seier følgjande om friluftsliv- og folkehelsepørsmål:

«Området aust for Holmemarka og Holsbergstien er eit mykje brukt nærtuområde for tettstaden Holme med i overkant av 500 innbyggjarar, samt skule og barnehage. Den sørgåande ruta til Ospåseng år via Holsberget med fleire utsiktspunkt mot fjorden, Askøy og Bergen. Turstiane mot Ospåsen og vidare i strandsona til Dalemarka er ein del av turskiltprosjektet Mjåtveit - vassdraget, som er ei stor satsing for merking og tilrettelegging av friluftsliv i søre del av kommunen. Området har høge kvalitetar, spesielt som nærtuområde. Området bind òg saman Holme med bustadfeltet Dalemarka.

Arealet like aust for Holmeknappen er regulert som friområde. Det er òg fleire areal både aust og nord for friområdet som er i offentleg eige. Friområdet er ikkje særleg opparbeidd, men ligg på lista over kommande tiltak i samarbeid med Bergen og omland friluftsråd. Området er nytta som rekreasjonsplass lokalt, særleg som bade plass.

Det er eit generelt ferdseisforbod 20 meter rundt oppdrettsanlegg, og fiskeforbod 100 meter rundt anlegg. Dette er areal som i praksis vert beslaglagt i tillegg til arealbeslaget frå sjølve anlegget. Anlegget skal plasserast med god avstand til land, og det vil vera god framkome med småbåt og kajakk rundt heile anlegget.

Det er registrert viktige lokale interesser knytt til friluftsliv i området . Oppdrettsanlegget vil vera synleg frå desse friluftsområda /friområda , noko som kan oppfattast som negativt av dei som nyttar områda til rekreasjon. Anlegget vil likevel ikkje vera til hinder for utøving av friluftsliv, med unntak av det konkrete arealet som anlegget beslaglegg, inkludert fiske - og ferdseisforbodssonen. Påverknaden av tiltaket på friluftsliv i området er dermed vurdert som akseptabel.

...

Anlegget vil primært forårsaka lyd i samband med føring av fisk. Lyden vil vera merkbar når fôret blir sendt ut i fôrslangane. Fôrflåten vil òg ha ein generator, men den vil vera godt isolert. Lyden frå desse kjeldene vil bli sterkt redusert med aukande avstand.

Avstanden frå det næraste bustadhuset til det planlagde anlegget er i overkant av 600 meter i luftlinje. Når det gjeld bustadhusa i Dalemarka vil anlegget dels ligga skjerna bak ein forholdsvis tett barskog, no ko som truleg vil verka dempane på lydforureining frå anlegget.

Det vil vera nokre lyskjelder knytt til anlegget. Fortøyingsbøyene skal ha markeringslys i henhold til regelverket, og det vil vera utelys på fôrflåten. Det vil i tillegg nyttast undervasslys i merdane om vinteren. Desse lyskjeldene vil vera synlege frå land i varierende grad, men påverknaden er ikkje vurdert til å vera sjenerande, i og med at

avstanden til dei næraste husa er såpass stor, og barskogen vil verka som ein buffer mellom bustadfelt og anlegg.

Det vil vera lyd frå anlegget, men denne vil bli sterkt redusert med aukande avstand. I tillegg utgjer åsryggen mellom busetnad og anlegg ei naturleg skjerming. Det er ikkje grunn til å tru at lyskjeldene på anlegget vil verka sjenerande for dei som er busette i nærleiken.»

Vi vurderer det slik at det er særst viktig at slike store omleggingar som det er snakk om her vert vurderte og utgreidde i ein planprosess. Då kan dei ulike områda sjåast i samanheng, der lokalitetar som ikkje lenger skal nyttast blir tekne ut, samtidig med at anna areal vert utvida på ein måte som stettar næringa sin trong for eventuell berekraftig vekst på dei lokalitetane drifta skal gå føre seg. Den samla miljøpåverknaden på fjordsystemet kan då bli sett i større samanheng, samtidig som ein tek omsyn til ulike næringar sine interesser og behov for areal.

Vi er etter dette einige med sektorstyresmaktene i at forvaltninga av sjøareala og akvakulturnæringa som det klare utgangspunktet bør vere planstyrt, og at kommuneplanprosessen er eigna for å vurdere arealbehovet for næringa i ein større samanheng, og ta stilling til den samla belastninga for marint biologisk mangfald, så vel som andre råka interesser. Ein praksis med at endringar og utvidingar av område for akvakultur vert tillatne gjennom dispensasjonar frå planføremål, kan føre til manglande demokratisk høyring og innsyn i sakene og i utviklinga, samstundes som korkje kommunane eller høyringsinstansane kan vurdere endringane på ein heilskapleg måte.

Vi har kome til at sjølv om vi ser at dispensasjonen kan medføre visse fordelar, er det grunn til å halde fast ved at arealbruksendringar for eksklusiv og permanent arealbruk som denne, skal styrast gjennom plan. Ein dispensasjon vil etter vår vurdering setje omsyna bak planen vesentleg til side. Fordelane i denne saka er etter vår vurdering heller ikkje klart større enn dei planmessige ulempene ein dispensasjon medfører. Vi kan difor ikkje sjå at vilkåra for dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 er til stades. Det kan dermed heller ikkje bli gitt dispensasjon for flytting og utviding av anlegget.

Sidan klagen har ført fram, går vi ikkje nærmare inn på dei andre klagene i saka. Vi har av same grunn ikkje gjort vurderingar av rettsleg klageinteresse mv., for dei andre klagarane.

Vedtak

Fylkesmannen tar klagen til følgje, og vi gjer om vedtaket frå Meland kommune dagsett 05.09.2016 i sak 58/2016, slik at det ikkje vert gjeve dispensasjon til flytting av akvakulturanlegg frå Laksevika til Trollholet.

Vedtaket er endeleg, og kan ikkje klagast på jf. forvaltningslova § 28.

Med helsing

Anne Kristin Eitungjerde
juridisk sjef

Jorunn Fosse Fidjestøl
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

KOPI

Kopi til:

Jørgen Bernt Mowinckel og Nina Kronen Mowinckel	Dalemarka 138	5918	FREKHAUG
Ørjan Kristiansen	Dalemarka 127	5918	FREKHAUG
Kolbjørn Lunga	Dalemarka 123	5918	FREKHAUG
Berit og Arne Takvam	Dalemarka 125	5918	FREKHAUG
Meland kommune	Pb. 79	5906	FREKHAUG
Ole Harald Johansen og Anne Kristine Jordal	Dalemarka 117	5918	FREKHAUG
Solrun og Tom Eirik Albrechtsen			
Tom Sverre Tomren	Dalemarka 69	5918	FREKHAUG
Arild Paulsen			
Christine Linn Tøgersen og Christer Martinsen	Dalemarka 121	5918	FREKHAUG

Elektronisk kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland Pb. 7310 5020 Bergen